



Forslag til plan for selskapskontroll 2016-2020

Vinje kommune

2016 :: 434 005

Ferdigstilt: 7. mars 2016

Om Telemark kommunerevisjon IKS

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Frå 2015 har vi innleidd fagleg og administrativt samarbeid med dei interkommunale revisjonsordningane Buskerud kommunerevisjon IKS, Vestfold kommunerevisjon og Sandefjord distriktsrevisjon.

Telemark kommunerevisjon IKS har brei erfaring med selskapskontroll og gjer forvaltningsrevisjon av kommunal verksemd innanfor mange område, og med ulike innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har god kompetanse innan offentleg forvaltning.

Du kan lese meir på vår nettstad www.tekomrev.no.

Innhald

1	Innleiing	3
1.1	Bakgrunn	3
1.2	Kontrollutvalet sitt ansvar for planlegging av selskapskontroll	3
1.3	Kven kan bli kontrollert?	4
1.4	Selskapskontroll - innhald og omgrep	4
1.5	Gjennomføring og rapportering av kontrollen	5
2	Eigarskap i Vinje kommune	7
2.1	Eigarskapsmelding	7
2.2	Kommunens eigarskap	7
2.3	Gjennomførte selskapskontrollar	7
3	Prioriteringar i denne planperioden	8
3.1	Eigarskapskontroll.....	8
3.2	Forslag om forvaltningsrevisjon i selskap	8
4	Plan for selskapskontroll	9
	Vedlegg.....	10

Foto framside: www.effective.com

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kommunen kan engasjere seg i verksemder og leggje ulike oppgåver til fristilte organisasjonsformer som interkommunalt samarbeid, interkommunale selskap, aksjeselskap o.l. Kommunestyret står i stor grad fritt til å velje kva organisasjonsform slik verksemd skal ha. Kva organisasjonsform kommunestyret vel, har mykje å seie for kva høve kommunestyret har til å styre verksemda. Selskapa, som er sjølvstendige rettssubjekt, har eigne styringsorgan, og er regulert av særskilt lovgiving, som mellom anna regulerer tilhøvet mellom eigarane (kommunen) og selskapet sitt styringsorgan.

Viktige vilkår for folkevald styring er open informasjon, etikk og kontroll. Ei evaluering av offentleglova^[1] viser at kunnskapen om offentleglova i sjølvstendige offentlige rettssubjekt er lav. Vidare viser evalueringa at mange offentlege selskap, sjølv om dei forvaltar til dels svært store offentlege verdiar, får få innsynskrav. Mange meiner at ressursbruken på å etablere rutinar, system og kompetanse i organisasjonen er urimeleg i forhold til det lave talet på innsynskrav som dei får.

NIBR har undersøkt korleis norske kommunar tek omsyn til god folkevald styring over den delen av verksemda som er organisert i selskap.^[2] Dei fleste som vart spurde i undersøkinga meiner at kommunestyret ikkje får nok informasjon og ikkje er godt nok orientert, og at kontrollrutinane ikkje er tilstrekkelige.

Dette gir utfordringar når det gjeld demokratisk, folkevalt styring, innsyn og kontroll med verksemda.

1.2 Kontrollutvalet sitt ansvar for planlegging av selskapskontroll

Kontrollutvalet i Vinje har bedt Telemark kommunerevisjon IKS om å utarbeide analyse og forslag til plan for selskapskontroll. Vårt forslag viser aktuelle tema for selskapskontroll i Vinje kommune basert på ein vurdering av risiko og vesentligheit. Det er kommunestyret som løyver ressursar til selskapskontroll, og som difor avgjer i kva omfang planen skal gjennomførast.

^[1] Gjennomført av Oxford research i 2015 på oppdrag frå Justisdepartementet (http://www.oxfordresearch.no/media/270943/evaluering_av_offentleglova_oxford_research.pdf)

^[2] Norsk institutt for by- og regionsforskning (NIBR) på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2015:1 (www.nibr.no)

1.3 Kven kan bli kontrollert?

Reglane om selskapskontroll gjeld kommunalt eigarskap i interkommunale selskap (IKS), aksjeselskap (AS) og interkommunale samarbeid etter kommuneloven § 27 når desse er sjølvstendige rettssubjekt. Kontrollen kan også gjelde dotterselskap til desse organa. Selskapskontroll omfattar ikkje stiftingar (eigast ikkje), kommunale føretak (inngår i kommunen) eller andre selskaps/organisasjonsformer enn dei tre nemnte.

Kommunen sitt eigarskap i Telemark kommunerevisjon IKS og Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS går fram av oversikta i vedlegget. Telemark kommunerevisjon IKS er ikkje uavhengige i høve til desse to selskapa, og vi har difor ikkje vurdert behovet for selskapskontroll her.

1.4 Selskapskontroll - innhald og omgrep

Omgrepet selskapskontroll dekkjer to former for kontroll:

- **Eigarskapskontroll:** Kontroll med korleis kommunen utøver eigarskap i selskap – forholdet mellom kommunestyret og eigarorganet
- **Forvaltningsrevisjon i selskap:** Kontroll med korleis selskapa vert styrte og drivne



Ein eigarskapskontroll er i hovudsak retta mot kommunen. Hovudspørsmålet i ein *eigarskapskontroll* er om kommunen har retningslinjer for utøving av eigarskap, og om retningslinjene er i samsvar med gjeldande reglar og tilrådingar for godt eigarskap. Vidare

undersøker vi om den som utøver eigarskap på vegne av kommunen gjer det i samsvar med gjeldande reglar og kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Drift og aktivitetar i selskapet kan en undersøkje gjennom ein forvaltningsrevisjon, på same måte som ein kan gjere forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd. Dei fleste tema og vinklingar kan undersøkjast gjennom ein forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skal gjerast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk¹ og er regulert i kommunelova § 77 nr. 4 og i kontrollutvalgsforskrifta og revisjonsforskrifta.

1.5 Gjennomføring og rapportering av kontrollen

Iverksetjing av selskapskontroll

Kommunestyret skal vedta plan for selskapskontroll og skal stille ressursar til rådevelde for gjennomføringa. Kontrollutvalet skal sjå til at eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon blir gjennomført. Det er vanleg og føremålstenleg at kommunestyret gir kontrollutvalet mynde til å gjere endringar i planen.

Avtalen kommunen har med Telemark kommunerevisjon IKS dekkjer ikkje selskapskontroll. Gjeldande ordning er at kontrollutvalet ber om tilbod på ein kontroll, og vurderer bestilling ut frå tilbodet.

Gjennomføring av eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon

Det er ikkje krav om kvalifikasjonar for den som skal gjennomføre eigarskapskontroll. Det er heller ikkje stilt metodiske krav til eigarskapskontrollen. Det vanlege er at revisor gjer eigarskapskontroll, eventuelt at kontrollutvalet sitt sekretariat utfører slik kontroll.

Forvaltningsrevisjon i selskap *skal* gjennomførast av revisor i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og gjeldande kvalifikasjonskrav for forvaltningsrevisjon. Ein eigarskapskontroll er vanlegvis mindre ressurskrevjande enn ein forvaltningsrevisjon.

Innsynsrett

Kommunelova § 80 regulerer innsynsrett i selskap for kontrollutvalet og kommunen sin revisor. Innsynsretten gjeld i interkommunale selskap, interkommunalt samarbeid som er organisert som sjølvstendig rettssubjekt og aksjeselskap med kommunale/fylkeskommunale eigarar.

¹ God kommunal revisjonsskikk innen forvaltningsrevisjon er definert i RSK 001, utgitt av Noregs kommunerevisorforbund

Det er ikkje innsynsrett i selskap som har private eller statlige medeigarar. Her kan eigarorganet gi kontrollutvalet innsynsrett gjennom vedtektene. Dersom innsynsretten ikkje er regulert i vedtektene, må kontrollutvalet be styret om samtykke til innsyn, eventuelt etter avklaring med eigarane.

Rapportering om eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon

Etter gjennomført eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon lagar vi ein rapport til handsaming i kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal rapportere sitt arbeid til kommunestyret. Denne rapporteringa skjer normalt ved at kontrollutvalet sender rapporten med si innstilling til vedtak til kommunestyret for handsaming.

2 Eigarskap i Vinje kommune

2.1 Eigarskapsmelding

Kommunen seier sjølv at den ikkje har eigarskapsmelding, men at ein skal vedta eigarskapsmelding vinteren 2016. Kommunestyret vedtok Eigarskapsmelding for Vinje kommune i sak 25/11. Etter kva vi kan sjå, har ikkje dette vore eit aktivt dokument jf. gjennomførte eigarskapskontrollar.

2.2 Kommunens eigarskap

Vi har henta informasjon over kommunen sitt eigarskap frå kommunen, frå Proff.no og Brønnøysundregisteret. Dersom det ikkje er samsvar mellom desse kjeldene, har vi brukt informasjon frå dei offentlege registera. Vi kan ikkje seie sikkert at kommunen ikkje har anna eigarskap enn dei som går fram her.

2.3 Gjennomførte selskapskontrollar

For Vinje kommune er følgjande kontrollar gjennomførte i perioden 2012-2015:

Selskap	Tema/tilrådingar
Raulandsakademiet AS 2013	Kommunen blir tilrådd å følgje opp eigarskapsmeldinga si.
Vest Telemark PPT IKS 2013	Tema for eigarskapskontrollen var om det var etablert rutinar for å følgje opp eigarskapen, og om desse vart følgde. Det var m.a. gitt tilråding til eigarane om å revidere selskapsavtala. Enkelte formelle manglar ved selskapet var påpeikt.
Vest-Telemark Kraftlag AS 2015	Tema for eigarskapskontrollen var om det var etablert rutinar for å følgje opp eigarskapen, om desse vart følgde, om evaluering og val av styre, og om formidling og samordning av utbyttepolitikk og andre forventningar frå eigarane. Kommunen vart m.a. tilrådd å utarbeide felles eigarstrategi, derunder utbyttepolitikk saman med dei andre eigarkommunane. Kommunen vart også m.a. tilrådd å utarbeide rutinar for å følgje opp andre eigarskap.

3 Prioriteringar i denne planperioden

3.1 Eigarskapskontroll

Etter ei vurdering av risiko og vesentlegheit, informasjon frå kommunen og resultat av tidligare selskapskontroller rår vi kommunen til følgjande prioriteringar i kommande valperiode:

Føringar for eigarskap og opplæring av eigarrepresentantar (anbefaling 1-8)

Kommunen skal vedta eigarskapsmelding vinteren 2016. Vi rår kontrollutvalet til å undersøkje om dei komande føringane for eigarskap blir følgde. Folkevaldopplæring, fullmakter, avklaringar og rapportering til kommunestyret bør undersøkjast. Ein slik eigarskapskontroll vil normalt vere retta mot heile eigarskapen til kommunen.

Kontrollen bør gjennomførast ei tid etter at eigarskapsmeldinga er vedtatt, mot slutten av valperioden.

Styre - evaluering og val (tilråding 9-17)

Det er eigar sitt ansvar å sjå til at den samla kompetansen i styret er tilpassa selskapet si verksemd. Vi rår kommunen til å undersøkje korleis kommunen som eigar sikrar at selskap har godt samansette og godt fungerande styre. Her bør ein særleg sjå på valprosess, styresamansetjing, styreinstruks, evaluering av styret sitt arbeid i fleire selskap.

Samordning av føringar for eigarskap – fleire eigarar

Vinje kommune eig mange selskap saman med andre kommunar. Det kan føre til at eigarane set ulike krav til selskapet knytt til eigarskapsutøving. Målsetjingar og styring av selskapa kan vere motstridande. Eigarskapskontrollen av Vest Telemark Kraftlag AS hadde dette som tema. Vi rår kontrollutvalet å sjå etter at tilrådingane i eigarskapskontrollen vert følgde opp.

3.2 Forslag om forvaltningsrevisjon i selskap

Gjennomføring av verksemd – måloppnåing - oppdragsavtaler

Interkommunalt brannvernssamarbeid i Vest-Telemark IKS leverer feie- og tilsynstenester til eigarkommunane. Dette er tenester som skal leverast til sjølvkost. Selskapet dekkjer også brannvern. Det kan vere risiko for kryss-subsidiering. Vi rår kommunen til å gjennomføre ein

forvaltningsrevisjon som undersøker kostnadsgrunnlaget for feiing og tilsyn. Forvaltningsrevisjonen kan utvidast til andre tema.

Renovest IKS leverer renovasjonstenester i innbyggjarane i kommunen, og skal følgje miljøkrav knytt til avfallsområdet og sikre at renovasjonstenesta blir levert til sjølvkost. Selskapet driv også med handtering av konkurranseutsett næringsavfall. Den samansette verksemda kan innebære risiko for kryss-subsidiering. Ein forvaltningsrevisjon kan undersøkje korleis Renovest IKS leverer desse tenestene og sikrar at subsidieringsforbodet blir stetta. Vi meiner derfor at det kan vere aktuelt med ein forvaltningsrevisjon av Renovest IKS. Forvaltningsrevisjonen kan utvidast til å omfatte andre tema.

4 Plan for selskapskontroll

Vi foreslår følgjande selskapskontrollar:

Tema	Generell/selskap	Kontrollform	Tidspunkt for gjennomføring
Kostnadsgrunnlag - Sjølvkost	Brannvernssamarbeid i Vest Telemark IKS	Forvaltningsrevisjon – bør gjerast saman med andre eigarar.	Bør gjerast tidleg i perioden.
Implementering av eigarskapsmelding til kommunen og ev. andre føringar for eigarskap.	Stikkprøver i utvalde selskap.	Eigarskapskontroll	Bør gjerast mot slutten av perioden.
Styresamansetjing – evaluering og valprosess	Generell – selskap der kommunen har ein større eigardel	Eigarskapskontroll	Kan gjerast når som helst.
Kostnadsgrunnlag-sjølvkost	Renovest IKS	Forvaltningsrevisjon - bør gjerast felles med andre eigarar	Bør gjerast midt i perioden.

Vedlegg

- Oversikt over Vinje kommune sine eigarinteresser i selskap per 1.1.2016 og omtale av selskapa
- KS' Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll²

² Kommunenes sentralforbund 15. november 2015.

Oversikt over Vinje kommune sine eigarinteresser i selskap per 1.1.2016 og omtale av selskapa

Selskap med innsynsrett etter koml. § 80:

Interkommunale selskap (IKS)	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Agder og Telemark kontrollutvalgssekretariat IKS	1,75 %	<u>Føremål:</u> Utføre den lovpålagte sekretærfunksjonen for deltakernes kontrollutvalg. Selskapet kan utføre tilsvarende oppgaver for andre bestillere. <u>Anna:</u> Ikkje hatt selskapskontroll.	Kontorkommune Bø Telemark fylkeskommune og alle kommunane i Telemark unntatt Skien, og kommunar i Agder.
Telemark kommunerevisjon IKS	1,46 %	Eigenkapitalandel: 59,9 % Eigenkapital 6,1 mill. kr. Totalrentabilitet: 3,7 % Gjeldsgrad: 0,7 <u>Føremål:</u> Utføre lovpålagte revisjonsoppgaver samt andre revisjonsoppdrag og rådgivning for deltakerne. I tillegg å utføre revisjonsoppdrag og rådgivning for andre selskaper. Selskapet har ikke erverv til formål. <u>Anna:</u> Ikkje hatt selskapskontroll.	Kontorkommune Skien Larvik, Lardal, alle kommunane i Telemark og Telemark fylkeskommune
Interkommunalt arkiv for Buskerud Vestfold og Telemark IKS (IKA Kongsberg IKS)	1,62 %	Eigenkapitalandel: 16 % Eigenkapital kr 600 000 Totalrentabilitet: 0,9 % Gjeldsgrad: 5,2 <u>Føremål:</u> Formålet med selskapet er å legge forholdene til rette for eiernes rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlovens intensjoner og bestemmelser.	Kontorkommune Kongsberg 43 andre kommunar i Buskerud, Vestfold og Telemark

Interkommunale selskap (IKS)	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		<p>Selskapet skal kunne fungere som arkivdepot for eierne samt selge kompetanse og arkivtjenester til andre. Selskapet skal kunne fungere som fylkesarkiv for deltakende fylkeskommuner, og skal kunne motta privatarkiv.</p> <p><u>Anna:</u> Kjenner ikkje til om det har vore selskapskontroll.</p>	
Vest-Telemark pedagogisk psykologisk teneste PPT IKS	25,00 %	<p>Eigenkapitalandel: -21,3 % Eigenkapital -2,034 mill. kr Totalrentabilitet: -1 % Gjeldsgrad: -5,7</p> <p><u>Føremål:</u> Legge til rette ei pedagogisk-psykologisk teneste i samsvar med § 5-6 i lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).</p> <p><u>Anna:</u> Selskapskontroll i 2013</p>	<p>Kontorkommune Kviteseid</p> <p>16 % Kviteseid 15 % Seljord 14 % Tokke 12 % Telemark fylkeskom. 9 % Nissedal 9 % Fyresdal</p>
Interkommunalt brannvernssamarbeid i Vest-Telemark IKS	24,00 %	<p>Eigenkapitalandel: 12 % Eigenkapital kr 249 000 Totalrentabilitet: 1 % Gjeldsgrad: 7,3</p> <p><u>Føremål:</u> Samarbeide om brannvesen og utføring av lovpålagte brannførebyggande oppgåver og feiing i desse kommunane.</p> <p><u>Anna:</u> Ikkje hatt selskapskontroll.</p>	<p>Kontorkommune Tokke.</p> <p>20 % Seljord 18 % Tokke 18 % Kviteseid 10 % Fyresdal 10 % Nissedal</p>
Renovest IKS	29,00 %	<p>Eigenkapitalandel: 40,1 %. Eigenkapital 9,6 mill. kr. Totalrentabilitet: -3,8 % Gjeldsgrad: 1,5</p>	<p>Kontorkommune Kviteseid.</p> <p>22,5 % Seljord</p>

Interkommunale selskap (IKS)	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		<p><u>Føremål:</u> Føremålet til selskapet er å ta vare på alt avfall i regionen på ein miljømessig, teknisk og økonomisk forsvarleg måte ved at kommunane overfører dette ansvaret til selskapet. Selskapet skal</p> <ul style="list-style-type: none"> - etablere, eige og drive anlegg for mottak, handsaming og deponering av avfall i dei fem kommunane i samsvar med forureiningslov og konsesjonsvilkår - vere ansvarleg for innsamling, transport og handsami avfallstyper etter lovverk og føresegner - ta seg av all innsamling og vidare handsaming av slam frå renseanlegg, septiktankar og lukka anlegg - drive informasjon, samordning, rådgjeving og tilrettelegging vedkommande avfallshåndtering. <p>Selskapet kan ta på seg oppgåver for andre kundar enn eigarkommunane og kjøpe tjenester knytt til drifta frå andre dersom dette er teneleg. Selskapet avgjer i kva grad drifta skal nytte egne anlegg, utstyr og mannskap, eller ved leige- / og/eller driftsavtaler med kommunar, verksemdar eller personar. Representantskapen kan vedta at selskapet deltek i andre føretak dersom føretaket har avgrensa ansvar og dersom slik deltaking fremjar selskapet sitt føremål og kompetanse og/eller tek sikte på å gje tekniske/økonomiske og miljømessige driftsføremoner. For same føremål kan selskapet stifte dotterselskap som vert eigd fullt ut av RENOVEST. Kommunane skal samordne sine renovasjonsføresegner slik at dei vert like, og samsvarar med denne selskapsavtala.</p> <p><u>Anna:</u> Selskapskontroll vart gjennomført i 2009.</p>	<p>19,5 % Kviteseid 19,0 % Tokke 10,0 % Fyresdal</p>

Heileigde kommunale aksjeselskap (AS)	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Vest-Telemark kraftlag AS	19 %	Eigenkapitaldel: 49,6 %. Eigenkapital 298 mill. kr. Totalrentabilitet: 9,6 % Gjeldsgrad: 1 <u>Føremål:</u> Utbygging og drift av energiforsyningsnett. Utbygging og drift av produksjonsanlegg for energi. Omsetning av energi. Installasjonsverksemd, teletenester o.l. Rådgjeving, konsulentverksemd, tenesteyting og anna verksemd som har tilknytning til dei nemde føremål. Disse arbeidsområda kan organiserast som dotterselskap. Selskapet kan også vera deltakar i andre selskap innanfor desse og tilgrensande område. <u>Anna:</u> Selskapskontroll vart gjennomført i 2015.	Kontorkommune Tokke 19 % Fyresdal 19 % Seljord 19 % Tokke 19 % Kviteseid 5 % Nissedal
Kvito AS	63,01 %	Eigenkapitaldel: 73,3 %. Eigenkapital 11,6 mill. kr. Totalrentabilitet: 0,8 % Gjeldsgrad: 0,4 <u>Føremål:</u> Å vera tiltaksarrangør for tiltak retta mot arbeidstakarar, arbeidssøklarar, personar under opplæring eller andre med trong for tilrettelegging, der NAV eller andre er oppdragsgjevar. Selskapet skal drive etter dei retningslinjer og kravsspesifikasjonar som gjeld for like tiltak. Selskapet har ikkje som føremål å gje utbytte på aksjekapitalen, overskot skal koma verksemda og arbeidssøklarane og arbeidstakarane til gode. Selskapet kan samarbeide med andre liknande selskap, både i form av produksjonssamarbeid, fagleg samarbeid og samarbeid på eigarsida. <u>Anna:</u> Det var selskapskontroll i forrige periode av alle dei tre fusjonerte selskapa.	Kontorkommune Vinje 21,78 % Kviteseid 14,78 % Tokke 0,43% Nissedal
Raulandsakademiet AS	98,61 %	Eigenkapitaldel: 63 %. Eigenkapital 20,8 mill. kr. Totalrentabilitet: -0,1 % Gjeldsgrad: 0,6	Kontorkommune Vinje

Heileigde kommunale aksjeselskap (AS)	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		<p><u>Føremål:</u> Utleige, overnatting, kurs og aktivitetstilbod, og det som naturleg høyrer til slik verksemd.</p> <p><u>Anna:</u> Det var selskapskontroll i selskapet i 2013.</p>	1,39 % Telemark fylkeskomm.
Odda Vegfinans AS	4 %	<p>Eigenkapitaldel: 7,8 %. Eigenkapital er 218 000 kr. Totalrentabilitet: 3,1 % Gjeldsgrad: 11,8</p> <p><u>Føremål:</u> Å stå føre delfinansiering av planlegging og bygging av ny veg og ny tunelløysing for E134 innafør planområdet som er definert i vedtekne kommunedelplanar for Odda og Vinje kommunar frå 2008, og å bidra til rask og god realisering av prosjektet. Selskapet har ikkje erverv som føremål.</p>	<p>Kontorkommune Odda.</p> <p>Hordaland fylkeskommune 52 % Tokke 4 % Kviteseid 4% Seljord 4 %</p>
Vegfinans RV36 Telemark AS	2,5 %	<p>Eigenkapitaldel: -2,6 %. Eigenkapital er -364 000 kr. Totalrentabilitet: -0,7 % Gjeldsgrad: 39,9</p> <p><u>Føremål:</u> Delfinansiere utbyggingen av Rv36 med tilhørende anlegg gjennom Telemark fylke. Selskapet deler ikke ut utbytte. Selskapet administrerer og eventuelt driver et innkrevingsystem i bompengerperioden. Selskapet foretar de nødvendige låneopptak i samsvar med stortingsvedtak og avtale med Statens vegvesen Vegdirektoratet.</p>	<p>Kontorkommune Skien</p> <p>Vegfinans AS 80 % (100 % fylkeskommunalt eigd, Telemark fylkeskommune eig 16,67 %) Sauherad 2,5 % Hjartdal 2,5 % Seljord 2,5% Bø 2,5% Nome 2,5 % Tokke 2,5 % Kviteseid 2,5 %</p>

§ 27 – Sjølvstendige rettssubjekt	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Vest-Telemarkrådet		<p><u>Frå Vest-Telemarkrådet si nettside:</u> Vest-Telemarkrådet er regionalt samarbeidsorgan for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Nissedal, Seljord, Tokke og Vinje. Rådet løyser felles spørsmål for dei deltakande kommunane, og står som koordinator for ei rekkje samarbeidstiltak i regionen. Vest-Telemarkrådet har ei viktig rolle innan kontakt og samarbeid med stat, fylkeskommune, regionråd og andre organisasjonar.</p>	Kviteseid er kontorkommune

Selskap uten innsynsrett:

Deleigde kommunale aksjeselskap	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Vest-Telemark næringsbygg AS	24,37 %	<p>Eigenkapitaldel: 92,2 %. Eigenkapital 30,7 mill. kr. Totalrentabilitet: 0,4 % Gjeldsgrad: 0,1%</p> <p><u>Føremål:</u> VTN as sitt føremål er, i samarbeid med andre aktørar, å styrke og vidareutvikle næringslivet i regionen. Innafor kommunane Nissedal, Fyresdal, Tokke, Kviteseid, Seljord, Vinje, Hjartdal og Drangedal skal VTN as vere med å skape grunnlag for vekst og utvikling ved å delta i ulike typar næringsbyggprosjekt, samt andre aktuelle selskap og verksemder. I samband med dette kan det også ytast teknisk og økonomisk rådgjeving.</p>	Kontorkommune Kviteseid 9,92 % Telemark fylkeskom. 9,51 % Tokke 9,18 % Fyresdal 9,10 % Seljord 6,05 % Hjartdal 4,89 % Drangedal 4,40 % Kviteseid 1,65 % Nissedal
Radio Vest Telemark AS	20,02 %	<p>Eigenkapitaldel: 51,7 %. Eigenkapital 394 000 kr. Totalrentabilitet: 9,3 % Gjeldsgrad: 0,9</p> <p><u>Føremål:</u> Drive kringkasting innanfor ramma av konsesjonsvilkåra.</p>	Kontorkommune Vinje

Deleigde kommunale aksjeselskap	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
Norsk Bane AS	17,23 %	Eigenkapitalandel: 50,6 %. Eigenkapital 411 000 kr. Totalrentabilitet: -24,8 % Gjeldsgrad: 1 <u>Føremål:</u> Planlegge, bygge og drive et høvfarts-banenett i Norge og gjennomføre de tiltak som synes nødvendige for å kunne oppnå dette. Høvfartsbanen over Haukeli er et nøkkelelement. Selskapet kan selge jernbanefaglig kompetanse.	Kontorkommune Ålesund. 3,36 % Tokke 2,05 % Bø 2,00 % Sauherad 0,49 % Tinn Fleire kommunar i andre fylker
Rauland Turist AS	33,40 %	Eigenkapitalandel: 43,2 %. Eigenkapital 650 000 kr. Totalrentabilitet: 4,6 % Gjeldsgrad: 1,3 <u>Føremål:</u> Å syte for løypekøyring i Rauland, vertskaps-, turistinformasjons- og marknadsføringsoppgåver etter avtale med Vinje kommune. Vidare skal selskapet stimulere til, koordinere og leie utviklingsprosjekt, marknadsføring og andre relaterte aktivitetar på vegne av reiselivsnæringa i Rauland.	Kontorkommune Vinje
Rehabiliteringssenteret AIR AS	16,06 %	Eigenkapitalandel: 12,3 %. Eigenkapital 9,5 mill. kr. Totalrentabilitet: 15,2 % Gjeldsgrad: 7,1 <u>Føremål:</u> Drift av eit rehabiliteringssenter i spesialhelsetenesta der auka arbeidsdeltaking er det overordna målet. AiR - Klinikk si kjerneverksemd er å bidra til at personar som er utanfor, eller i fare for å falle ut av arbeidslivet på grunn av helseproblem, får betre funksjon og auka bevisstgjerung av deira ressursar og moglegheit, på ein måte som styrkjer arbeidsevna. AiR klinikk har fokus både på individet og omgjevnadane for å oppnå auka arbeidsdeltaking. AiR -Nasjonalt kompetansesenter for arbeidsretta rehabilitering si	Kontorkommune Vinje

Deleigde kommunale aksjeselskap	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		kjerneverksemd er å bidra til forskning, fagutvikling, formidling, nettverk og innovasjon innan faget arbeidsretta rehabilitering.	
Telemark Bilruter AS	16,76 %	Eigenkapitalandel: 64,1 %. Eigenkapital 58,6 mill. kr. Totalrentabilitet: 6,2 % Gjeldsgrad: 0,6 <u>Føremål:</u> Drive persontrafikk, varetransport og elles anna som har samanheng med dette.	Kontorkommune Seljord 7,88 % Fyresdal 2,72 % Seljord 2,24 % Tokke 0,28 % Kviteseid
Vest-Telemark Blad AS	8,74 %	Eigenkapitalandel: 30,9 %. Eigenkapital 3,3 mill. kr. Totalrentabilitet: -7,6 % Gjeldsgrad: 2,2 <u>Føremål:</u> Gjeva ut ei partipolitisk ubunde lokalavis på nynorsk for bygdene i Vest Telemark.	Kontorkommune Kviteseid 6,99 % Seljord 6,34 % Kviteseid 5,90 % Tokke
E134 Haukelivegen AS	2,22 %	Eigenkapitalandel: 58,1 %. Eigenkapital 2,5 mill. kr. Totalrentabilitet: 0,5 % Gjeldsgrad: 0,7 % <u>Føremål:</u> Arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, etter fylkesvise prioriteringar, når dette styrker arbeidet for korridoren. Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingselskap. Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål. Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.	Kontorkommune Vinje Fleire kommunar i Telemark eig 2,22 %
Kommunekraft AS	0,31 %	Eigenkapitalandel: 69,8 %. Eigenkapital 3,2 mill. kr.	Kontorkommune Oslo

Deleigde kommunale aksjeselskap	Kommunen sin eigardel	Opplysningar om selskapet	Kontorkommune og andre eigarkommunar
		Gjeldsgrad: 0,4 <u>Føremål:</u> Formidle aksjeeiernes disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive annen virksomhet tilknyttet slik formidling.	

Alle nøkkeltal er frå 2014.

Formlar som er nytta ved berekning av nøkkeltal:

Eigenkapitaldel	(Sum eigenkapital/totalkapital)*100 <i>Eigenkapitaldelen viser kor mykje av totalkapitalen som er eigenkapital. Over 40 % reknast som mykje godt.</i>
Totalrentabilitet	(Resultat før skatt + finanskostnader)*100/gj.sn. totalkapital <i>Resultat av drifta viser kor lønsam verksemda er. Over 15 % reknast som mykje godt.</i>
Gjeldsgrad	Sum gjeld / Sum eigenkapital <i>Gjeldsgraden viser kor stor gjelda er i forhold til eigenkapitalen. En gjeldsgrad på 1 vil si at bedrifta har like stor gjeld som eigenkapital.</i>

KS' Anbefalinger om eierstyring, selskapsledelse og kontroll³

ANBEFALING 1: OBLIGATORISK OPPLÆRING AV OG INFORMASJON TIL FOLKEVALGTE

Kommunene bør som en del av sitt folkevalgtprogram gjennomføre obligatoriske kurs eller eierskapsseminarer. Den første opplæringen bør gjennomføres i løpet av de første 6 månedene av valgperioden. Det anbefales også at det nye kommunestyret tidlig i perioden får en oversikt over status for selskapene.

ANBEFALING 2: VURDERING OG VALG AV SELSKAPSFORM

Det er eiers ansvar å sikre en selskapsform som er tilpasset selskapets formål, eierstyringsbehov, samfunnsansvar, hensynet til innsyn, markedsforhold og det aktuelle lovverket.

ANBEFALING 3: FYSISK SKILLE MELLOM MONOPOL OG KONKURRANSEVIRKSOMHET

Selskap som opererer i et marked i konkurranse med andre aktører i tillegg til monopolvirksomhet, bør som hovedregel skille ut den markedsrettede delen av virksomheten for å unngå rolleblanding og kryssubsidiering.

ANBEFALING 4: UTARBEIDELSE AV EIGARSKAPSMELDINGER

Kommunestyrene bør hvert år fastsette overordnede prinsipper for sitt eierskap ved å utarbeide en eierskapsmelding for alle sine selskap.

Eierskapsmeldingen bør minimum ha disse hovedpunktene:

1. Oversikt over kommunens virksomhet som er lagt i selskap og samarbeid.
2. Politisk styringsgrunnlag gjennom kommunens prinsipper for eierstyring
3. Juridisk styringsgrunnlag knyttet til de ulike selskaps- og samarbeidsformene.
4. Formålsdiskusjon og selskapsstrategi knyttet til de ulike selskapene, herunder styringsdokumentene.
5. Selskaperens samfunnsansvar knyttet til miljø, likestilling, åpenhet, etikk osv.

ANBEFALING 5: UTARBEIDELSE OG REVIDERING AV STYRINGSDOKUMENTER

Kommunestyret skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.

ANBEFALING 6: EIERMØTER

KS anbefaler at det jevnlig gjennomføres eiermøter for å bidra til god eierstyring og kommunikasjon med selskapet. Et eiermøte er et møte mellom representanter frå kommunen som eier, styret og daglig leder for selskapet.

³ Kommunenes sentralforbund 15. november 2015.

ANBEFALING 7: EIERORGANETS SAMMENSETNING OG FUNKSJON

Avhengig av selskapets formål, anbefales det som en hovedregel at kommunestyret oppnevner sentrale folkevalgte som selskapets eierrepresentanter i eierorganet. Eierstyring skal utøves innenfor rammen av kommunestyrets vedtak.

ANBEFALING 8: GJENNOMFØRING AV GENERALFORSAMLINGER OG REPRESENTANTSKAPSMØTER

De formelle eiermøtene er generalforsamling eller representantskap. Det er styret som innkaller. Bestemmelser om innkallingsfrist bør tas inn i vedtektene, slik at det tas hensyn til kommunens behov for å ha tid til å behandle aktuelle saker.

ANBEFALING 9: SAMMENSETNINGEN AV STYRET

Det er eiers ansvar å sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskaps virksomhet. Det anbefales at kommunen sikrer opplæring av styremedlemmene.

ANBEFALING 10: VALGKOMITE OG STYREUTNEVNELSER

Ved valg av styrer til kommunalt eide selskap bør det vedtektsfestes bruk av valgkomite.

ANBEFALING 11: KJØNNSMESSIG BALANSE I STYRENE

Det anbefales at eierorganet uavhengig av organisasjonsform tilstreber balansert kjønnsrepresentasjon. Styremedlemmene behøver ikke være bosatt i kommunen.

ANBEFALING 12: RUTINER FOR Å SIKRE RIKTIG KOMPETANSE I SELSKAPSSTYRENE

Eier har ansvar for å sikre at styret har den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål. Eier bør også anbefale styret selv jevnlig å vurdere egen kompetanse ut fra eiernes formål med selskapet. Det er derfor anbefalt flere rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.

ANBEFALING 13: STYRESAMMENSETNING I KONSERNMODELL

Styremedlemmer i morselskap bør ikke sitte i styret til datterselskap. Konserndirektøren kan være representert i datterselskapenes styrer.

ANBEFALING 14: OPPNEVNELSE AV VARAREPRESENTANTER

Der det utpekes varamedlemmer til styret bør ordningen med numeriske varamedlemmer benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

ANBEFALING 15: HABILITETSVURDERINGER

Det anbefales at styrene etablerer faste rutiner for å håndtere mulige habilitetskonflikter. Ordfører og rådmann bør ikke sitte i styret i selskap.

ANBEFALING 16: GODTGJØRING AV STYREVERV

Kommunen bør i forbindelse med utarbeidelse av eierskapsmelding ha en prinsipiell diskusjon om godtgjøring av styreverv. Denne bør danne grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar.

ANBEFALING 17: REGISTRERING AV STYREVERV

Alle som påtar seg styreverv for kommunale selskap bør registrere vervene på www.styrevervregisteret.no

ANBEFALING 18: ARBEIDSGIVERTILHØRIGHET I SELVSTENDIGE RETTSSUBJEKTER

Det anbefales at selskapene søker medlemskap i en arbeidsgiverorganisasjon. KS Bedrift vil være et naturlig valg for mange av disse selskapene.

ANBEFALING 19: UTARBEIDELSE AV ETISKE RETNINGSLINJER

Eier bør påse at selskapsstyrene utarbeider, og jevnlig reviderer, etiske retningslinjer for selskapsdriften

ANBEFALING 20: SÆRLIG OM ADMINISTRASJONSSJEFENS ROLLE I KOMMUNALE FORETAK

Det anbefales at kommunestyrene ved opprettelse av kommunale foretak diskuterer administrasjonssjefens rolle og handlingsmuligheter overfor daglig leder.

ANBEFALING 21: UTØVELSE AV TILSYN OG KONTROLL

Kommunestyret har både et tilsyns og kontrollansvar for å sikre at kommunen når sine mål, at regelverket etterleves og at etiske hensyn ivaretas. Kontrollen utføres blant annet gjennom regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjelder også når virksomheten er skilt ut i egne selskap.